

Aktive Barn - Tryggare skuleveg

Onsdag 1. februar startar Undarheim Skule opp med «Aktive barn – Tryggare skuleveg» og vil halda fram til utgangen av mai. Målet er at så mange elevar som mogleg går eller sykklar til skulen både for å få frisk luft og mosjon i forkant av skuledagen, og for å redusera biltrafikken ved skulen.

Det er spesielt ønskeleg at elevane går saman, så vi oppmodar alle elevar og foreldre/føresette til å aktivt inkludera og ta initiativ. Avtal felles møteplass og tidspunkt om ein går eller sykklar.

Det er også viktig at barna har forståing for medelevar som av ulike årsaker treng transport.

Premiering:

Kvart trinn vert preimert ut frå kor mange poeng dei får samla. Ein får 1 poeng for kvar elev for kvar dag eleven har gått eller sykla til skulen. Maksimalt kan ein oppnå "antall elevar på trinnet x 70" (antall skuledager kampanjen varer). Alle trinna som kjem over eit av to nivå (lav grense og høg grense (flottare premie)) får premie. Premien går til trinnet i fellesskap.

	Lav grense:	Høg grense:
- Nivå for premie 1.trinn:	25%	40%
- Nivå for premie 2.trinn:	30%	50%
- Nivå for premie 3.trinn:	40%	60%
- Nivå for premie 4.trinn:	45%	65%
- Nivå for premie 5.trinn:	50%	70%
- Nivå for premie 6.trinn:	55%	75%
- Nivå for premie 7.trinn:	55%	75%

Reglar for «Aktive Barn – Tryggare skuleveg»

- Alle elevar som går, må gå heimefrå, eller minimum ein avstand på 500 meter frå skulen.
- Alle elevar som sykklar, må sykle heimefrå, eller minimum ein avstand på 500 meter frå skulen.
- Alle elevar som reiser kollektivt til skulen, må gå heimefrå til busshaldeplassen.
- Dersom eleven har utfordringar med å delta knytta til bevegelseshemming, sjukdom eller andre årsaker, kan eleven registrera seg som gåande kvar dag. Om mogleg kan eleven gjennomføra ein annan aktivitet som passar i løpet av dagen.

Foreldre/føresette i samarbeid med barna er ansvarlige for å rapportera kva dagar ein går eller sykklar, det er viktig at alle rapporterer riktig. Ein set kryss i skuleruta som følger med dette skrivet for kvar dag ein har gått eller sykla til skulen. Kalendaren skal leverast tilbake til lærarane fyrste veka i juni. Det er også ønskeleg at foreldre/føresette skriver i K-boka antall dagar ein har gått eller sykla til skulen fyrste dag i neste månad, slik at ein kan sjå om ein er på veg til å nå premie eller ikkje.

Hugs hjelm og refleks!